



NOTAT

Nedlegging av Merkur-butikkar 2010-2013

Kor mange distriktsbutikkar har blitt lagt ned dei siste åra? Det er eit spørsmål som av og til blir stilt. Men spørsmålet er ikkje heilt enkelt å svare på, ettersom det ofte skjer ei bygde-mobilisering i kjølvatnet av ei nedlegging. Dei fleste butikkane som blir lagt ned, gjenoppstår med nye eigarar og gjerne ei ny kjede. Merkur sine konsulentar er stadig vekk engasjert i slikt omstillingsarbeid, i nært samarbeid med bygdelag og nye kjøpmenn.

Administrasjonen i Merkur har no gjennomført ei registrering av nedlagte butikkar. Vi har registrert kor mange Merkur-butikkar som har blitt nedlagt og ikkje blitt reetablert i løpet av ei treårsperiode. Kartlegginga har skjedd ved hjelp av dei 10 Merkur-konsulentane som har hatt direkte oppfølging av butikkane. Vi har også brukt Merkur-programmets butikkregister.

Resultatet frå undersøkinga viser at 32 butikkar er nedlagde og ikkje blitt reetablert i perioden 01.08.10 -01.08.13. Men for tre av desse butikkane (markert med halvfeit skrift) er det konkrete planar om restart. Andre nedlagte butikkar kan også erfaringsmessig gjenoppstå, utan at det er konkrete planar om det i dag.

Merkur-programmet har i dag registrert 563 distriktsbutikkar som er i normal drift. Dei fleste av desse butikkane har gått gjennom vårt hovudprogram for butikkutvikling og deltar aktivt i programmet sitt nettverk. For eit år sidan var det registrert 568 Merkur-butikkar.

Geografi

Det er verdt å merke seg at det ikkje har vore nedleggingar i Finnmark siste tre åra, utan at butikken har gjenoppstått. Likevel veit ein at det har vore nedleggingar før dette, og at det er varsla at nedleggingar kan komme, mellom anna av Coop.

Nordland er det fylket med flest nedleggingar med 6, men då må ein også vere merksam på at det er dette fylket som har flest butikkar (71). 3 av dei nedlagde butikkane har særskilt låg omsetning, 3 mill. kr eller mindre. Men avstanden til næraste butikk er stor.

Alle fylka, utanom Finnmark, har i perioden hatt permanente nedleggingar. Desse fordeler seg jamt over heile landet. Dette betyr at i kvar region (10 regionar) blir det lagt ned ein butikk i året. Om ein fordeler det på talet på fylke, blir det tilnærma borte ein Merkur-butikk annankvar år.

Kjedemedlemsskap

Norgesgruppen har naturleg nok flest nedleggingar sidan dei har størst masse å ta av. Tabellen viser at snautt 60 % av nedleggingane kjem frå Norgesgruppen. Butikkar knytt til Norgesgruppen har elles om lag 65 % av dei 560 registrerte butikkane i Merkur.



Kjede	Ned-leggingar	%	Totalt i Merkur. %
Norgesgruppen	19	59,4 %	65
ICA	6	18,8 %	13
Coop	5	15,6 %	20
Uprofilerte	2	6,3 %	2
Totalt	32	100,0 %	100

Dette samsvarar godt med den butikkstrukturen vi har i dag. Norgesgruppen har rett nok ein noko større andel totalt i butikkmassen, men når tala er så små, får dei store prosentvise utslag.

Avstand og omsetning

Avstanden til næraste butikk for dei 32 butikkane er gjennomsnittleg 12,6 km. For alle Merkur-butikkane er den 13 km. Omsetninga for alle desse butikkane er relativt låg. Den varierer frå 3 til 5 mill. kroner. IBA-analysen «Distriktsbutikken – bygdas eneste vareformidler og naturlige møteplass» (august 2012) konkluderte med at den rekneskapsmessige lønsemengden for slike butikkar ligg på 8,5 mill. kroner, dersom ikkje kjøpmannen har andre inntekter i tillegg til butikkdrifta.

Det tydelegaste av alle funna er at butikkane som er nedlagde, har låg omsetning. Berre ein butikk har over 10 mill. kroner. Gjennomsnittsomsetninga for dei 32 butikkane er 3,9 mill. kroner på nedleggingsstidspunktet. Gjennomsnittsomsetninga for Merkur-butikkane generelt var i 2010 på ca 4 mill kroner. 21 av dei 32 nedlagde butikkane har ei omsetning på 4 mill. eller mindre. Halvparten (15) av butikkane har 3 mill. eller mindre i omsetning.

Konklusjon.

Undersøkinga tyder på at ein bør slutte å snakke om stor butikkdød mellom norske utkantbutikker. Ein gjennomgang av Merkurs butikkregister viser at det i kvart fylke blir lagt ned ein butikk annakvart år.

Dei små butikkane i distrikta har liten omsetning og små marginar når det gjeld vidare drift. Butikkane er avhengige av fleire faktorar dersom dei skal kunne halde fram med å gi lokalsamfunna tilgang på daglegvarer. Etter vår meining er følgjande faktorar svært viktige for å sikre framtida til distriktsbutikkane:

- Eldsjeler/idealistar som tar på seg ansvaret med å drive butikk for relativt låg leiarløn
- Lokal mobilisering når spørsmålet om nedlegging blir reist
- Merkur-programmet (som institusjonelt rammeverk) med sine konsulentar
- Investerings- og utviklingsstøtteordning (inkl. støtte til drivstoffanlegg)
- Butikk-kjeder som tar ansvar også for dei små butikkane i distrikta



Tabell: Oversikt over nedlagte Merkurbutikker 2010-2013							
Region	Ned-lagt	Butikk	Kommune	Fylke	Kjede	Avst. (km)	Oms. (mill kr)
Finnmark, Nord-Troms	0	-	-	-	-	-	-
Midt/sør Troms, Nordland nord	4	Røsvik Handel	Sørfold	Nordland	ica	25	3
		Joker Kårvikhamn	Lenvik	Troms	ng	25	5
		Ramfjord Handel	Tromsø	Troms	ica	25	4
		Nærbutikken Skrolsvik	Tranøy	Nordland	ng	20	4
Nordland sør, Nord-Trøndelag nord	4	Kjella Samvirkeag	Bindal	Nordland	coop	9	2
		Smith-Nilsen	Vevelstad	Nordland	ica	3	2
		Nordnesøy Handel	Rødøy	Nordland	ng	1	3
		Hugløy Landhandel	Nesna	Nordland	uprof. øy	2	
Nord-Tr.lag sør, Sør-Trøndelag, Nordmøre/Romsdal:	5	Skjærvøyan Handel	Osen	Sør Trøndelag	uprof. øy	< 1	
		Coop Frosta, avd Åsenfjord	Levanger	Nord Trøndelag	coop	2	7
		Lars Sorthe a.s.	Gjemnes	Møre og Romsdal	ng	11	5
		Ona Handel	Sandøy	Møre og Romsdal	ica	øy	1
		Øksendal handel	Sunnadal	Møre og Romsdal	ng	10	5
Sunnmøre, Sogn og Fjordane	2	Nærbutikken Ålhus	Jølster	Sogn og Fjordane	ng	8	3
		Jon Søreide	Høyanger	Sogn og Fjordane	ng	5	1
Hordaland, minus Sunnhordland	2	Sætrevik Samvirkeag	Meland	Hordaland	coop	10	2
		Vinnes Handel AS	Fusa	Hordaland	ng	6	3
Rogaland, Sunnhordland	3	Livi Erøy	Suldal	Rogaland	ica	6	4
		Joker Sandve	Karmøy	Rogaland	ng	8	6
		Nærbutikken Talje	Finnøy	Rogaland	ng	9	4

**MERKUR**

- FOR BUTIKKEN OG BYGDA

Aust og Vest Agder	3	Dølemo Nærmat as	Åmli	Aust Agder	ng	10	4
		Ica Nær Ubergsmoen	Vegårshei	Aust Agder	ica	11	11
		Valand Varesenter	Mandal	Vest Agder	ng	11	8
Indre Østlandet	5	Nærbutikken Dæhlie	Nordre Land	Oppland	ng	11	2,5
		Lia Dagligvare	Gjøvik	Oppland	ng	10	3
		Joker Enger	Søndre Land	Oppland	ng	20	5
		Joker Grimsbu	Folldal	Hedmark	ng	10	3,5
		Kopparledens Landhandel	Os	Hedmark	ng	23	5
Nedre Østlandet	4	Fredrik Østmoen	Grue	Hedmark	ng	9	3
		Coop Samhald	Ål	Buskerud	coop	15	5
		Coop Kroken	Drangedal	Telemark	coop	9	3
		Jomfruland Landhandel AS	Kragerø	Telemark	ng	øy	4,5
	32					12,6	3,9

Kommentar: For butikkar som er merka med **halvfeit skrift**, er det konkrete planar om gjenopning